



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Marit Gjevne Røttingen, 5557 2377  
Anniken Friis, 5557 2323  
Grete Riise, 5557 2230

Vår dato  
14.05.2012  
Dykkar dato  
30.03.2012

Vår referanse  
2012/4761 421.3  
Dykkar referanse  
12/575

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Uttale til oppstart av rullering av kommunedelplan for anlegg for idrett - friluftsliv og nærmiljø 2012-2020- Radøy

Fylkesmannen viser til brev datert 30.03.2012 med vedlagt planprogram utlagt til høyring.

Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2012-2020 er ein tematisk plan utan heimel til arealdisponeringar, men planen skal kunne gi tilrådingar om arealdisponering i kommuneplanen sin arealdel. Planprogrammet legg opp til at planen skal vere eit overordna politisk styringsdokument og utgangspunkt for kommunen sitt arbeid innan områda idrett og fysisk aktivitet når det gjeld forventa aktivitetutvikling og etterspurnad. Det er òg sett større fokus på folkehelse og aktivitetstiltak for born og unge.

#### Vurdering

Fylkesmannen meiner at planen bør vere tydeleg med omsyn til kva strategi og føringar som skal leggjast til grunn i arealpolitikken. Vi meiner det er viktig at det til kommunedelplanen skal vere ein konkret handlingsplan med tiltak og budsjett. Dette er det ikkje sagt noko om i planprogrammet.

#### Til punkt 3. Overordna føringar for planarbeidet

Under nokre av dei viktigaste retningsgjevande meldingane og planane manglar det to stortingsmeldingar det er viktig å syne til: friluftsmeldinga og St. meld 26 (2006 – 2007) om rikets miljøtilstand. Relevante punkt frå denne meldinga er:

- arealpolitikken, spesielt by- og tettstader
- barn og unges oppvekstmiljø, nærmiljøpolitikk
- friluftsliv, spesielt sikring av grønstruktur.

I den samanhengen vil vi nemne at kommunedelplanen må omfatte ein strategi for å sikre gode og store nok areal for friluftsutøving, med spesielt fokus på nærmiljø og tettstader. Den må òg sikre vilkår for utøving av allemannsretten. Dette er spesielt viktig langs sjø og vassdrag og langs kystsona, då presset på utbygging er større på desse areala, og tilkomst til naturområda blir redusert gjennom aukande utbygging og privatisering.

For å følgje opp dette føreslår vi at Radøy kommune mellom anna har som tiltak i planen å setje i gong arbeid med å kartlegge og verdsette lokale friluftsområde, og ha ein plan for sikring av desse. For å kunne sikra friluftsområda, grønne areal i nærmiljø, rundt skular, barne-

hagar osb godt nok, må ein ha god dokumentasjon og kunnskap om verdien. Røynda viser at slike område ofte vert omdisponert til andre føremål.

Ei hjelp i dette arbeidet kan vere «Rettleiar frå DN (Handbok 25 – 2004)»  
<http://www.dirnat.no/content/1195/Kartlegging-og-verdsetting-av-friluftslivsomrader>.

Fleire kommunar i Hordaland held på med lokal oppfølging av den regionale kartlegginga:  
<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/planlegging/Planretteiing/Areal-og-plandata/Regionale-friluftsomrade-i-Hordaland/>

Det kan òg vere ein fordel å utarbeide servituttavtaler for turstiar og oppmarsjområde/ inn-gongsportar til større samanhengande friluftsområde.

Det er viktig å ha spesielt fokus på verdien og ivaretakinga/oppretthalding av grønstrukturar som skulevegar (stiar, snarvegar o.l.), grøntområde nær bustad, skular, barnehagar osb.

#### Universell utforming og folkehelse

Ved etablering av nye bustadområde vil det i tillegg til nærmiljøanlegg som ballbingar og liknande vere viktig med tilrettelegging for kvardagsaktivitet til dømes i form av friareal, gang- og sykkelstiar og parkering.

For folkehelsa er det først og fremst den daglege aktiviteten som er viktig. Det bør kome fram i planen korleis kommunen vil leggje til rette for at alle grupper i befolkninga skal bli meir fysisk aktive, ikkje minst dei som i dag er inaktive av ulike grunnar. Ein infrastruktur som gjer det mogeleg å gå eller sykle til barnehage, skule, arbeid og butikk vil i større grad enn idrettsanlegg påverke folkehelsa og medverke til sosial utjamning.

Når det gjeld fysisk aktivitet i skulen, bør ein legge opp til minst ein time kvar dag der alle må vere med. Også i barnehagar bør ein leggje til rette for dette. Vi saknar dette som prioritert område. Kommunen har mykje å vinne på at dei eldre òg blir meir fysisk aktive. Meir fysisk aktivitet kan bidra til å minske førekomsten av hoftebrot og generell dårleg fysisk form. Ein omtale av korleis kommunen kan bidra til at folk held seg fysisk aktive og friske i alderdommen, og dermed blir mindre hjelpetrengjande, ville vere ein styrke for planen.

#### Punkt 4 Planprosess og organisering

Kommunen legg opp til brei medverknad, og Fylkesmannen meiner det er viktig at det kjem klårt fram i planen korleis kommunen vil sikre brukarmedverknad frå barn og unge i ulike miljø. Dette er ikkje godt nok ivareteke i framlegget. Rikspolitisk retningslinjer (RPR) for barn og unge set krav om barn og unge sin medverknad i planprosessane. Planprosessen må leggjast opp på ein måte som gjer at denne delen av befolkninga får høve til å delta. Her finst ulike metodar som kan nyttast, t.d. barnetråkkregistreringar, jfr. Veilederen Barnetråkk 2010 ([www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)). RPR viser òg til føringar for kvaliteten på uteareal/areal for opphald og leik.

Andre nettstader:

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/tema/Planlegging\\_Plan-og\\_bygningsloven/Kommuneplanlegging/Barn-og-unges-interesser-iplanleggingen.html?id=418042](http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/tema/Planlegging_Plan-og_bygningsloven/Kommuneplanlegging/Barn-og-unges-interesser-iplanleggingen.html?id=418042)

[http://www.regjeringen.no/nb/dokumentarkiv/stoltenbergii/md/Veiledninger\\_og\\_brosjyrer/2009/temaveileder-barn-og-unge-ogplanlegging.html?id=588604](http://www.regjeringen.no/nb/dokumentarkiv/stoltenbergii/md/Veiledninger_og_brosjyrer/2009/temaveileder-barn-og-unge-ogplanlegging.html?id=588604)

Vi peikar òg på at ein i framdriftsplanen har lagt opp til temamøte, dialog og medverknad i perioden mai- august, som kan vere kritisk tid for medverknad i planen. Det bør òg nemnast kva metode som skal sikre at dei ulike høyringsgruppene får medverke og blir høyrte. Høyringsgruppene må få kome tidleg med i prosessen, og vi peikar på at det viktig at høyring av planen kjem etter dei opne møta, jfr. punkt 4.4, 4.5 og 5.

Lykke til med planarbeidet !

Med helsing

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes  
avdelingsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*